

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 18.08.2020

Til stades: Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Ole Gisle Vassel, Thorleif Gjernes, Runar J. Haugen, Jan Tore Huus og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Oddmund Skeie

Referent: Kaia

Sak 2020/37: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/38: Godkjenning av referat frå styremøte 09.06.20; godkjent

Sak 2020/39: : Konstituera nytt styre:

Årsmøte for 2019 vart gjennomført søndag 24.05.20. Etter val må det nye styret konstituere seg. Det vart ikkje vald leiar på årsmøtet, men fatta eit vedtak der det nye styret får fullmakt til å fordele alle arbeidsoppgåver og roller seg i mellom. Leiar vart ikkje valt på styremøte 09.06.20. Val av nestleiar vart avventa til val av leiar.

Styret har på møtet i dag konstituert seg som følger:

- **Leiar:** Ole Gisle Vassel
- **Nestleiar:** Jan Tore Huus
- **Kasserer:** Angunn Handegard Trå
- **Skrivar:** Kaia Gulbrandsen
- **Styremedlem:** Marta Samland, Kenneth Vikane og Thorleif Gjernes
- **1. vara:** Runar J. Haugen
- **2. vara:** Oddmund Skeie
- **3. vara:** Liv Bente Steiro

Sak 2020/40: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte av turistsesongen 2020;
Det blir møte for alle med interesse for turistnæringa i Herand tysdag 06.10.20 kl 19.00 på Herand kulturhus. Plakat og invitasjon kjem.
- Romjulsbasar; det er usikkert pr no om det vert høve til å lage til basar i gymsalen grunna smittevern. Bygdelaget vil uansett ha loddsal på bok i tida fram mot jul. Me er svært takksame for gevinstar til loddsalet!

Sak 2020/41: Eigedomar:

- Herand kulturhus – organisering av utleige og vaktmeistertjenester vidare; Sigmund Eiken har sagt seg villig til å ha utleige og tilsyn av kulturhuset vidare i samarbeid med styret.
- Status pågåande prosjekt:
 - Vassmålar: er montert, røyrleggjar melder inn målaren til kommunen.
 - Moppevaskemaskin: er på plass på vaskerom.
 - Riving av pipe: under arbeid
 - Kulturhistorisk Senter: har vore ope i juli.

Sak 2020/42: Økonomi / søknader / fristar etc:

- Bygdelaget sin eigenandel i nærmiljøanleggprosjektet: Denne vert fastsett ved framlegging av budsjett for prosjektet til neste styremøte 08.09.20.
- Søknad om momskompensasjon er sendt inn.

Sak 2020/43: Andre saker/eventuelt:

- Skytja på skuleplassen bør ryddast. Forslag om å setje inn ei «låvedør» i gavlvegg for å lette inn og uttak av stillas og liknande.

Neste styremøte tysdag 08.09.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus